

## **Forskotsskatt – betaling og innkrevjing**

### **Generelt**

Driv du sjølvstendig næringsverksemd(enkeltpersonforetak), skal du betale utskrive forskottsskatt. Det kan også gjelde dersom du er deltakar i ansvarleg selskap og kan forvente ein del av skattbart overskot i selskapet eller dersom du er personleg skatteytar med store kapitalinntekter som det ikkje er teke omsyn til i forskotstrekket i lønsinntekt.

Dersom du har utskrive forskotsskatt, får du tilsendt betalingskort fire gongar i året. Skatten er berekna på bakgrunn av likningsresultatet forrige år. For at nye enkeltpersonforetak og deltakerar i ansvarlege selskap skal få utskrive forskotsskatt og få tilsendt innbetalingkort, må de melde frå til Skattekontoret om verksemda og fortelje kor stort overskot eller underskot ein forventar det første året.

Betaling skjer til bankkontoen til skatteoppkrevjaren for skatt. Dersom ein ikkje betalar, blir det berekna forsinkingsrenter frå forfall og fram til betaling skjer. Hvis kravet ikkje blir betalt frivillig, kan skatteoppkrevjaren setje i gang tvangsinnkrevjing og kostnader kan påløpe iht. rettsgebyrlova.

### **Målgruppe**

Personar som driv sjølvstendig næringsverksemd

Deltakerar i ansvarlege selskap

Andre skatteyterar som får utskrive forskotsskatt